



Notat

Turløyper og anlegg - Nye retningslinjer for søknad

Innleiing

Stryn kommune vert utfordra til å yte midlar til drift og utvikling av turløyper og skianlegg frå både idrettslag og private. Stryn kommune avsett årleg kulturmidlar i budsjettet til drift av organisasjonseigde idrettsanlegg. Det er behov for å klargjere kva type midlar dei ulike tilskotsordningane sorterar under.

- **Kulturmidlar** - Midlar ligg inne i årsbudsjettet. Organisasjonseigde idrettsanlegg sorterar under denne ordninga. Søknadsfrist 15.mars
- **Turløyper og skianlegg** – Vedtak om midlar i komande års budsjett må gjerast av kommunestyret i desember. Vedtak vert avgjerande om midlane vert lyst ut. Søknadsfrist 1.september

Retningslinjer for driftstilskot til turløyper og skianlegg

1. Kven kan søkje om tilskot

Eigar- og drivar av frivillige eller private aktørar som køyrer opp ski/turløyper på minimum 2 km, fast kvar sesong, samt eigar- og drivar av alpinanlegg og hoppanlegg

- Søkjar må ha tilhald i Stryn kommune, eller ha kommunen som medeigar
- Anlegget skal vere ope for alle
- Eigar- og drivar av anlegg som mottek driftstilskot kan ikkje ta ut utbytte. Eit ev. overskot skal gå attende til anlegget og utviklinga av dette

2. Kven kan ikkje søkje om tilskot

- Frivillige eller private som primært har anlegget som forretningsdrift
- Anlegg utan direkte kommunal tilknytning/forankring

3. Kva kan ein søkje tilskot til – Krav til vedlegg

• Ordinært driftstilskot

Krav til vedlegg: Revidert rekneskap som syner driftsresultatet som er grunnlag for søknad

4. Generelt

- Søknaden skal leverast elektronisk på fastlagt skjema innan fristen, med dei vedlegg som er kravd for at søknad skal bli godkjend
- Søknadsfrist 1.september
- Saka vert behandla i skule- og kulturutvalet. Endeleg vedtak om tildeling skjer i kommunestyret sitt budsjettmøte i desember. Stryn idrettsråd har uttalerett i saka.

